



KVINNHERAD  
K O M M U N E

## Retningslinjer for korttidsutleige av Kommunale bygg og lokale – Kvinnherad kommune

### 1. ADMINISTRERING AV UTLEIGE:

Leigetakar skal søkje på fastlagt skjema på Kvinnherad kommune sine heimesider

Tilfeldig utleige:

Einingsleiar på gjeldande bygg er ansvarlege for å administrera utleiga og tildela leigetid etter reglementet nedanfor. Avtale om utleiga skal fyllast ut og signerast av ansvarleg leigetakar. Einingsleiar står for innkrevjing av eventuell leige

Fast utleige

Tildeling av fast trenings/øvingstid skjer sentralt. Det må søkjast innan fastsette fristar (2 fristar pr. år) . Søkjer ein etter fristen får ein tildelt lokale dersom det er ledig. Einingsleiar på gjeldande bygg administrer deretter utleiga.

### 2. KVA LOKALE KAN LEIGAST UT

Liste over tilgjengelege lokale for utlån/utleige er å finna på Kvinnherad kommune si heimeside.

### 3. LEIGE-SATSAR:

For leigesatsar visast det til eige dokument med tabell/oversikt over betalingssatsar for ulike lokale i Kvinnherad kommune

### 4. FØR ARRANGEMENTET:

- a) Det skal peikast ut ein person over 18 år som er ansvarleg for leiga.
- b) Det skal skrivast under på leigekontrakt for kvar tilfeldig utleige  
For fast leige frå lag/organisasjonar skal det skrivast ut sesongkontrakt.
- c) Ansvarleg leigetakar skal setja seg inn i branninstruks og eventuelt andre instruksar ved det aktuelle lokalet og formidla denne informasjonen vidare til dei som skal ha den.
- d) Ansvarleg leigetakar skal syte for å:
  1. Hente nøkkel/kodebrikke
  2. Avtala kva som kan nyttast av utstyr
  3. Avtala kva utstyr som skal ryddast vekk og settast tilbake att

KVINNHERAD KOMMUNE  
*fellesskap og lærsel - utvikling og vekst*

4. Kjenna til brannberedskap og branninstruks
5. Kjenna til kvar brannslangar og brannsløkkingsapparat er plasserte
6. Kjenna til kvar rømingvegar finst.
7. Kjenne kode for innbruddsalarm og syte for at denne vert skrudd av/på ved arrangement som varer utover ei viss tid (der det er aktuelt)
8. Avtala standard for opprydding og vasking

#### **5. UNDER ARRANGEMENTET:**

- a) Utesko skal takast av ved inngangen, der det krevst
- b) Ansvarleg leigetakar må syte for tilsyn/vakt, slik at deltakarane oppheld seg berre i dei delar av bygget som avtalen omfattar.
- c) Ansvarleg leigetakar må passe på at ingen nyttar materiell eller utstyr som ikkje er avtalt
- d) Minst 3 vakter frå foreldre/føresette/leiarar skal vere til stades ved arrangement i regi av elevråd (diskotek/elevkveldar) og for mindreårige i regi av lag/organisasjonar. Slike arrangement skal vere slutt seinast kl. 22.00.
- e) Ved større arrangement skal ansvarleg leigetakar syte for tilstrekkeleg tal på vakter, også på uteområda.
- f) Det er ikkje tillatt å røyka, bruke snus, alkohol eller andre rusmidlar i lokala eller på uteområda, med mindre anna er opplyst om
- g) Løyve til servering/sal av alkohol skal det søkjast om i samsvar med kommunen sin rusmiddelpolitikk

#### **7. ETTER ARRANGEMENTET:**

- a) Lokala inkl. toalett, gangar og evt. kjøkken skal ryddast og vaskast skikkeleg i samsvar med utarbeida instruks ved det aktuelle lokalet
- b) Leigetakar skal sjekke uteområda og rydde opp evt. forsøpling utan for lokala.
- c) Vekkrydda utstyr/møblar skal settast tilbake på sin vanlege plass. Det skal lagast bilde/skisse over lokala med merke/nummer som viser kvar utstyret skal tilbakeplasserast.
- d) Leigetakar må ta med søppel heim.
- e) Dører skal lukkast, lys og evt. anna elektrisk utstyr skal skrus av og ytterdører låsast.
- f) Aktivere alarmen dersom det er aktuelt
- g) Nøkkel skal leverast tilbake straks etter arrangementet.

#### **8. ANSVAR:**

- a) Utover alminneleg erstatningsrettsleg ansvar er Kvinnherad kommune utan ansvar for ulukke eller skade på person eller eigedom, tap av private effektar, verdisaker og liknande i samband med utleige.
- b) Leigetakar er økonomisk ansvarleg for utstyr og innbu som forsvinn eller vert skadd. Det skal straks meldast frå til utleigar om skader.
- c) Dersom leigetakar ikkje kan utbetre mangelfull opprydding/vasking innan den frist som er nødvendig av omsyn til annan aktivitet/leige, skal leigetakar betale for ekstra reinhald.

- d) Bruk av vaktmeistertjenester under arrangement må avtalast på førehand. Leigetakar er økonomisk ansvarleg for utrykkingsgebyr i samband med uvørden eller forsettleg utløyising av brannalarm/innbrotsalarm og må betale for evt. utrykking av vaktmeister etter fastsette satsar.
- e) Leigetakar kan nektast leige av bygget (lokalet) for bestemt tidspunkt om dei ikkje overheld bruksreglane. Einingsleiarar av bygget vurderer dette i kvart einskild tilfelle.

#### **9. GEBYR:**

- Tilkalling av vaktmester, som følgje av uvøren åtferd av leigetakar, vert fakturert leigetakar per. tilkalling i samsvar med gjeldande betalingsatts.
- Dersom kommunen må bestille ekstra reinhald, vert dette vert fakturert leigetakar i samsvar med gjeldande betalingsatts